



Kommunedirektør, Ragnhild Bjerkvik, legg opp til ein skulestruktur med færre og større skular i Kvinnherad.

I framlegg til Budsjett 2020 og Økonomiplan fram til 2023 rår Koummunedirektøren til at elevane ved Uskedal skule, saman med Omvikdalen skule, vert overført til Malmanger skule i 2023. Bakgrunnen er ein dramatisk nedgang i elevtalet frå 102 elevar i 2019 til 68 elevar i 2024. Ein føresetnad er ferdigstilling av nye Malmanger skule.

Alt frå nytt skuleår i 2020 vil Kommunedirektøren flytta elevane på Bringedalsbygda skule til Undarheim. Ungdomsskuleelevane på Halsnøy vert overført til Husnes Ungdomsskule. Når nye Undarheim skule er ferdigstillt i 2022 vert det tilrådd å overføra elevane på Skarveland, Valen og Sunde til Husnes.

Med ny skulestruktur vil det i framtida vera skular i fire bygder, Hatlestrand, Rosendal, Husnes og Halsnøy.



Rektor Odd Steinar Arnesen vonar i det lengste at trenden vil snu og at elevtalet held seg stabilt rundt 100 elevar.

Elevtalet i Uskedalen har vore stabilt rundt 100 elevar. Frå 2021 er nedgangen merkbar. Det er viktig å ta med at elevtalsutviklinga samsvarar med prognosane og at ein med dette kan stola på framskrivingane i åra framover.

Med attehald om feiltolkning og at det er endringar vi ikkje kjenner til, er elevtalet slik i Uskedalen seks år framover:

2019/2020: 102 elevar
2020/2021: 96 elevar
2021/2022: 85 elevar
2022/2023: 79 elevar
2023/2024: 72 elevar
2024/2025: 68 elevar

Nedgang i fødselstalet og dermed elevtalet er ein nasjonal trend og såleis ikkje eit særtilfelle for Kvinnherad og Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal